



Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Møterom, Midsund sjukeheim
Dato:	30.08.2007
Tid:	15:00

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Parti
Helge Orten	Leiar	H
Ann Elin Høgset	Nestleiar	SP
Evy Mette Risvik	Medlem	H
Hallstein Solvang	Medlem	H
Lars Jarle Jensen	Medlem	H
Jonas Storvik	Medlem	SP
Johnny Hagset	Medlem	AP
Frits Inge Godø	Medlem	V
Nils Edvin Sanden	Medlem	V
Reidar Tangen	Medlem	TVP
Kari Tangen	Medlem	TVP
Arnstein Misund	Medlem	KRF

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Parti
Åshild Bergsvik Karlsen	Medlem	H
Malvin Bjørnerem	Medlem	H
Magne Reiten	Medlem	SP
Lars Joar Hagseth	Medlem	AP
Per Steinar Orvik	Medlem	KRF

Varamedlemmar som møtte:

Namn	Vara for:	Parti
Odd Helge Gangstad	Magne Reiten	SP
Ann Heidi P. Orvik	Lars Joar Hagseth	AP
Asbjørn Ræstad	Per Steinar Orvik	Krf
Ann Merete Rakvåg	Åshild B. Karlsen	H
Ann Marion Godø	Malvin Bjørnerem	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Dagfinn Aasen	Rådmann
Inge Rakvåg	Teknisk sjef
Melvin Tornes	Økonomisjef
Ann Torill Vaksvik	Sekretær

Underskrift:

Vi stadfester med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Helge Orten

Ann Elin Høgset

Nils Edvin Sanden

SAKSLISTE

Saksnr	Innhold	Arkivsaknr
PS 07/55	Underskrift	
PS 07/56	Godkjenning av protokoll	
PS 07/57	Revisjon av IKA Møre og Romsdal sin selskapsavtale - endring i eigarsamansetning	2007/398
PS 07/58	Kopieringsavtalen - ny mønsteravtale mellom KS og Kopinor	2007/544
PS 07/59	Reglement for godtgjersle og dekning av økonomisk tap m.v. til kommunale ombod	2007/314
PS 07/60	Budsjettendringar	2007/451
PS 07/61	Asfaltering 2007 - omdisponering av investeringsbudsjettet for 2007	2007/521
PS 07/62	Omdøme - utviklingskomiteen sitt arbeid	2007/100
PS 07/63	Aksjeemisjon i Møreaksen	2007/545

Ordføreren orienterte om Møreaksen.

Det var ingen merknad til innkalling.

Ann Elin Høgset (SP) hadde merknad til saklista; "Evaluering av politisk struktur" manglar på saklista, den skulle ha vore handsama i slutten av denne valperioden.

Ordføreren orienterte om saka.

Det er innmeldt eitt spørsmål frå Ann Elin Høgset (SP).

PS 07/55 Underskrift

Behandling i Kommunestyret - 30.08.2007

Til å skrive under protokollen saman med ordføreren vart valt Ann Elin Høgset og Nils Edvin Sanden

Vedtak i Kommunestyret - 30.08.2007

Til å skrive under protokollen saman med ordføreren vart valt Ann Elin Høgset og Nils Edvin Sanden

PS 07/56 Godkjenning av protokoll

Behandling i Kommunestyret - 30.08.2007

Protokollen frå møte 28.06.07 blei samrøystes godkjent

Vedtak i Kommunestyret - 30.08.2007

Protokollen frå møte 28.06.07 blei samrøystes godkjent

PS 07/57 Revisjon av IKA Møre og Romsdal sin selskapsavtale - endring i eigarsamansetning

Forslag til vedtak:

Kommunestyret godkjenner revisjonen av IKA Møre og Romsdal sin selskapsavtale, slik den ligg føre i vedlegg 2.

Behandling i Kommunestyret - 30.08.2007

Samrøystes som forslag til vedtak

Vedtak i Kommunestyret - 30.08.2007

Kommunestyret godkjenner revisjonen av IKA Møre og Romsdal sin selskapsavtale, slik den ligg føre i vedlegg 2.

PS 07/58 Kopieringsavtalen - ny mønsteravtale mellom KS og Kopinor

Forslag til vedtak:

Kommunestyret godkjenner kopieringsavtalen med Kopinor for perioden 07.04.2006 til 31.12.2009.

Behandling i Kommunestyret - 30.08.2007

Samrøystes som forslag til vedtak

Vedtak i Kommunestyret - 30.08.2007

Kommunestyret godkjenner kopieringsavtalen med Kopinor for perioden 07.04.2006 til 31.12.2009.

PS 07/59 Reglement for godtgjersle og dekning av økonomisk tap m.v. til kommunale ombod

Forslag til vedtak:

Kommunestyret vedtek "Reglement for godtgjersle og dekning av økonomisk tap m.v. til kommunale ombod", gjeldende frå 1. oktober 2007.

Behandling i Kommunestyret - 30.08.2007

Ann Heidi P. Orvik (AP) stilte spørsmål om sin habilitet.
Ho vart samrøystes kjent habil.
17 voterande

Arnstein Misund (Krf) fremma følgjande forslag:

Tillegg til pkt. 3 MØTEGODTGJERSLE GENERELT

GRUPPE A: Møtegodtgjersle til leiar i kontrollutvalet: 4% av ordføraren si godtgjersle i budsjettåret

Møtegodtgjersle til medlemar av kontrollutvalet: 0,13% av ordføraren si godtgjersle i budsjettåret.

Pkt. 5. MØTEGODTGJERSLE BLIR IKKJE BETALT

Pkt. 5 c) strykast

Pkt. 6 SKYSS- OG KOSTGODTGJERSLE

Pkt. 6 d) går ut og blir erstatta med pkt. 7 d)

Pkt. 7 TAPT ARBEIDSFORTENESTE

Pkt. 7 d) går ut og erstattar 6 d)

Ann Elin Høgset (SP) fremma følgjande forslag:

Punkt. 3 MØTEGODTGJERSLE GENERELT

GRUPPE A:

<i>Møtegodtgjersle til kommunestyre:</i>	<i>0,13%, som foreslått, pr. møte</i>
<i>Møtegodtgjersle til formannskapet:</i>	<i>5%, som foreslått</i>
<i>Møtegodtgjersle til varaordførar:</i>	<i>8%, som foreslått</i>
<i>Møtegodtgjersle til leiar i utviklingskomiteane:</i>	<i>2% av ordførar si godtgjersle</i>
<i>Møtegodtgjersle til medl i utv komiteane:</i>	<i>0,13%, som foreslått, pr. møte</i>
<i>Møtegodtgjersle til leiar i kontrollutvalg:</i>	<i>2% av ordføraren si godtgjersle</i>
<i>Møtegodtgjersle til medl i kontrollutvalg:</i>	<i>0,13% av ordføraren si godtgj. Pr.møte</i>

Ved leiar sitt fråvær, får møteleiar 50% tillegg pr. møte

Evy Mette Risvik (H) fremma følgjande forslag:

Pkt.4 MØTEGODTGJERSLE TIL DET ENKELTE UTVAL

Møtegodtgjersle gruppe B:

Stryk kulepunkt: Opptaksnemnd for barnehagane

Ann Elin Høgset (SP) trekker sitt forslag.

Votering:

Pkt. 3: Forslag fremma av Arnstein Misund (Krf) vart samrøystes vedteke

Pkt. 4: Forslag fremma av Evy Mette Risvik (H) vart samrøystes vedteke

Pkt. 5 c): Forslag fremma av Arnstein Misund (Krf) vart samrøystes vedteke

Pkt. 7 d): Forslag fremma av Arnstein Misund (Krf) vart samrøystes vedteke

Forslag til vedtak med endringane gjort i kommunestyremøte samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 30.08.2007

Kommunestyret vedtek "Reglement for godtgjersle og dekning av økonomisk tap m.v. til kommunale ombod", gjeldande frå 1. oktober 2007.

PS 07/60 Budsjettendringar

Forslag til vedtak:

Kommunestyret vedtek følgjande endringar i budsjettet for 2007:

Ansvar	Utgifter	Inntekter
Rammetilskott		60.000
Frukt og grønt i skulen	60.000	
Ressurskrevjande brukarar		-464.000
Midsund vekst	-150.000	
Disposisjonsfond		314.000
Sum	-90.000	-90.000

Behandling i Kommunestyret - 30.08.2007

Samrøystes som forslag til vedtak

Vedtak i Kommunestyret - 30.08.2007

Kommunestyret vedtek følgjande endringar i budsjettet for 2007:

Ansvar	Utgifter	Inntekter
Rammetilskott		60.000
Frukt og grønt i skulen	60.000	
Ressurskrevjande brukarar		-464.000
Midsund vekst	-150.000	
Disposisjonsfond		314.000
Sum	-90.000	-90.000

PS 07/61 Asfaltering 2007 - omdisponering av investeringsbudsjettet for 2007

Forslag til vedtak:

Midsund kommunestyre ønskjer å omdisponerer kr. 500.000 frå investeringsbudsjettet 2007 post Midsund sentrum til asfaltering og gatelys, kommunale vegar. Gjennomføringstidspunkt og kostnadane blir tatt med i økonomiprosessen for 2008, fordi Midsund kommune treng tid til å gjennomføre ein ryddig prosess med tomteigarane.

Midsund kommunestyre tek til etterretning tidlegare vedtak gjort i kommunestyret:

- "Salsvilkår for tomter i kommunale felt" K – sak18/82 av 01.04.82
- "Refusjonsreglar for byggjefelt" K – sak 32/82 av 24.05.82
- "Gangstadvfeltet – sluttrapport og fastsetjing av tomtepris" K – sak 10/89 av 30.03.89

Kommunale vegar i bustadvfelt, huskrullar eller liknande skal tomteigarane betale oppsetting av nye gatelys og første gangs asfaltering fult ut.

Midsund kommune vil orientere tomteigarane om refusjonen vedk. gatelys og asfaltering for så å få til ei tilbakebetalingsplan med dei tomteigarane dette gjeld.

Asfaltering og gatelys i prioritert rekkjefølgje:

Tekst	Total sum	Midsund kommune	Tomteigarar
-------	-----------	-----------------	-------------

1	Gangstadvfeltet	314 000	217 385	96 615
2	Krabbevikneset	293000	0	293000
3	P - plass Heggdalshjelen	70 000	70 000	0
4	Bustadvfelt Sør - Heggdal	185 000	0	185 000
5	Veg til Vågsdalen	135000	135000	0
	Sum	987000	412385	574615

Midsund kommune sin del i asfalteringa og gatelys blir kr. 412.385 og refusjon frå tomteeigarane blir kr. 574.615.

Behandling i Kommunestyret - 30.08.2007

Ann Elin Høgset (SP) fremma følgjande forslag:

Omprioritering av prioriterte vegar:

Nytt pkt. 3 Bustadvfelt i Sør-Heggdal

Nytt pkt.4 Bustadvfelt på Jensen/Reiten

Lista blir forskjøve tilsvarande

Johnny Hagset (AP) bad om gruppemøte.

Representantane gjekk i gruppemøte.

Arnstein Misund (Krf) fremma følgjande forslag:

Midsund kommunestyre ønskjer å omdisponere kr 500.000 frå investeringsbudsjettet 2007 post Midsund sentrum, til asfaltering og gatelys kommunale vegar.

Prioritering: 1. Tangenvegen

2. Moloen på Magerøyvegen

3. Strømsnesvegen

dersom pengar til overs:

4. Parkeringsplassen ved "Heggdalshjelen"

Ann Elin Høgset (SP) trekker forslag sitt om omprioritering.

Ann Heidi P. Orvik (AP) fremmar følgjande forslag:

Saka utsettes, og rådmannen utreder om investeringsmidler kan benyttes til standardheving og asfaltering av tidlige asfalterte veier. Grunneiere kontaktes i de felt som ikke har hatt dekke tidlige og som ikke er omfattet av de eksisterende refusjonsavtaler.

Saka fremmes i forbindelse med budsjett og økonomiplan.

Hallstein Solvang (H) bad om gruppemøte.

Representantane gjekk i gruppemøte.

Votering:

Det vart votert over forslag fremma av Ann Heidi P. Orvik (AP) som falt med 4 mot 13 røyster.

Hallstein Solvang (H) fremma følgjande forslag:

Midsund kommunestyre ønsker å omdisponere kr 500.000 frå investeringsbudsjettet 2007 post Midsund sentrum til asfaltering og gatelys, kommunale vegar.

Midsund kommunestyre ber om at prioriteringslista kjem opp i første møte etter valget, der administrasjonen utreder drift/investering.

Votering:

Det vart votert alternativt mellom administrasjonen sitt forslag og forslag fremma av Hallstein Solvang (H), der forslag fremma av Hallstein Solvang (H) vart vedteke med 14 mot 3 røyster.

Det vart votert alternativt mellom Hallstein Solvang (H) sitt forslag og forslag fremma av Arnstein Misund (Krf), der forslag fremma av Hallstein Solvang (H) vart vedteke med 10 mot 7 røyster.

Vedtak i Kommunestyret - 30.08.2007

Midsund kommunestyre ønsker å omdisponere kr 500.000 frå investeringsbudsjettet 2007 post Midsund sentrum til asfaltering og gatelys, kommunale vegar.

Midsund kommunestyre ber om at prioriteringslista kjem opp i første møte etter valget, der administrasjonen utreder drift/investering.

PS 07/62 Omdøme - utviklingskomiteen sitt arbeid

Forslag til vedtak:

Kommunestyret tek saka til vitande.

Behandling i Kommunestyret - 30.08.2007

Eva Tangen frå utviklingskomiteen var saksordførar og orienterte kommunestyret om saka.

Samrøystes som forslag til vedtak

Vedtak i Kommunestyret - 30.08.2007

Kommunestyret tek saka til vitande.

PS 07/63 Aksjeemisjon i Møreaksen

Forslag til vedtak:

I samband med aksjeemisjonen i Møreaksen AS fattar kommunestyret følgande vedtak:

- a) Midsund kommune skyt inn kr. 250.000 i frisk aksjekapital
- b) Midsund kommune konverterer lån kr. 950.000 til aksjekapital

Investeringa vert dekkja av kommunens ubundne investeringsfond.

Behandling i Kommunestyret - 30.08.2007

Helge Orten (H) stilte spørsmål om sin habilitet.
Han vart samrøystes kjent inhabil.
16 voterande.

Samrøystes som forslag til vedtak

Vedtak i Kommunestyret - 30.08.2007

I samband med aksjeemisjonen i Møreaksen AS fattar kommunestyret følgande vedtak:

- a) Midsund kommune skyt inn kr. 250.000 i frisk aksjekapital
- b) Midsund kommune konverterer lån kr. 950.000 til aksjekapital

Investeringa vert dekkja av kommunens ubundne investeringsfond.

Spørsmål frå Ann Elin Høgset (SP):

Midsund Senterparti ønsker svar på følgande spørsmål i førstkamande kommunestyremøte:

Vi har tidlegare stilt spørsmål ved kommunen sin praksis ved oppnemning av personar som skal representere Midsund kommune i ulike styrer, råd og utvalg. For ei tid tilbake kunne vi lese i Romsdals Budstikke at det no er oppevnt styrerepresentant for Midsund kommune i Gass-ROR. Eg kan ikkje hugse at dette har vore handsama i kommunestyre eller formannskap, og vil derfor spørje ordføraren korleis praksisen er i dag.

Slik vi registrerer det er det i dag svært forskjellig praksis i måten dette blir gjort; nokre ved vedtak i kommunestyret, andre meir eller mindre tilfeldig utpeikt av ordførar, med eller utan samråd med kommunestyre og formannskap. Som eksempel kan nevntast: RIR, Midsund Vekst, Romsdal Processing, Gass-ROR.

Vi understrekar at dette ikkje er meint som kritikk av personane som er oppnemnt, men vi synes det er uheldig at ein ikkje har lik praksis for dette, og ønsker derfor ei prinsipiell avklaring.

Midsund SP
Ann Elin Høgset

Svar på spørsmål frå Midsund Senterparti v/Ann Elin Høgset:

Svar på spørsmål frå Midsund Senterparti, v/Ann Elin Høgset

Midsund kommune deltek i fleire interkommunale selskap. I tillegg har vi eigarandelar i fleire aksjeselskap, til dømes Møreaksen AS, Romsdal Processing AS, Ona AS og Midsund Vekst AS.

I interkommunale selskap er det representantskapet som vel styre. I Midsund har vi tradisjon for at ordførar og evt. varaordførar er kommunen sine representantar i representantskapet. Det er også vanleg at kommunestyret utpeiker aktuelle kandidatar til styret i dei interkommunale selskapa i konsituerande møte i starten av kommunestyreperioden. For interkommunale selskap som blir etablert i løpet av perioden, skal det velgast personar til representantskapet. I den grad vi ikkje utpeiker aktuelle kandidatar til styret, vil våre personar i representantskapet ikkje vere bundne i representantskapsmøtet. Ønsker kommunestyremøtet å utpeike kandidatar til styret bør det gjerast når selskapet blir etablert og ved seinare konstituering.

I eksempelet med GassROR IKS har ikkje kommunestyret gjort vedtak om kandidatar til styret. Ved etableringen av selskapet var det eit ønske frå representantskapet at styret skulle vere samansett av rådmennene i dei samarbeidande kommunane. På grunn av krav om minimum 40% av kvart kjønn vart dette noko vanskeleg. I representantskapsmøte 8. mai d.å. vart konsekvensen at Midsund måtte stille med ei kvinne i styret. For å få avvikla møtet og få på plass styret gikk underteikna inn for at einaste valbare kvinne i formannskapet vart Midsund sin representant i styret.

I aksjeselskap er det generalforsamlinga som vel styre. Normalt deltek ordføraren på vegne av kommunen i generalforsamlinga. Kommunestyret kan pålegge ordføraren å gå inn for spesielle kandidatar til styret slik det til dømes er gjort i Midsund Vekst AS. I vedtak om Romsdal Processing AS og Ona AS er det tatt høgde for at kommunen skal ha ein styrerepresentant, utan at det er gjort vedtak om kven dette skal vere. I begge desse tilfella vart aktuelle kandidatar drøfta med formannskapet før generalforsamlinga.

Eg sluttar meg til synspunktet om at det bør vere ein lik praksis for utnemning av personar til representantskap og styre, og vil be om at rådmannen legg fram ei eiga sak som klargjer dette. Samtidig bør det etablerast retningsliner for korleis kommunestyret skal informerast om arbeidet i IKS/AS som kommunen deltek i.

Vennleg helsing
Helge Orten
Ordførar

Ordføraren orienterte:MOBO – utbygging

GassROR

Midsund Vekst

Ambulansetenesta

Spørsmål frå Hallstein Solvang (H): **Det er bevilga kr 50 000,- til "Skiltplan kommunale vegar". Kva har skjedd?**